



DEN NORSKE KYRKJA  
Fjell kyrkjelege fellesråd

Postboks 184  
5342 STRAUME  
Tlf: 55097440  
Straume 27.06.2017

## Høyringsfråsegn

### «Forslag til forskrift om Den norske kirkes medlemsregister»

Fjell kyrkjelege fellesråd har vedteke følgjande høyringsfråsegn:

Generell kommentar: Framlegget til ny forskrift verkar grundig og godt gjennomarbeidd.

Vi sluttar oss til framlegget med følgjande merknader:

1. Omgrepet 'Kirkebokfører' er – uansett alle freistnader på nye definisjonar – ikkje eit dekkande uttrykk for funksjonen som 'Kirkebokfører' skal ha; faktisk er uttrykket direkte misvisande i forhold til funksjonen. Omgrepet må difor bytast ut.

Vi ser problemet med å finne eit godt uttrykk, særleg når ein ser dette i historisk samanheng. Men om vi meiner 'den som har det pastorale ansvaret for de kirkelige handlingene', så bør eit uttrykk som 'utøvande prest' eller liknande vere betre.

2. Kap 1, §1: Her saknar vi at det blir vist til den nye EU-forordninga om personvern. Det står vist til denne forordninga i ein merknad til §12 – og i §14 er det lagt opp til at Kirkerådet kan gjere 'mindre endringer'. Likevel meiner vi at det vil vere fornuftig å vise til denne forordninga (i det minste i ein kommentar) til §1.
3. Kap 1, §3 a): '.... elektroniske opplysninger om medlemmer....' Dette er språleg unøyaktig; vi har ikkje 'elektroniske opplysininger', men 'elektronisk lagrede opplysninger'.

Delegerert vedtak i AU, 26.06.2017